

**Notat til Rapport 3/2007 "Reiselivet i Sogn og Fjordane – oversyn, kommentarer og strategiske problemstillinger"**

## **Reiselivsstatistikk for Sogn og Fjordane 2001 - 2006**

**Ståle Brandshaug (Høgskulen i Sogn og Fjordane)  
Carlo Aall, Jan Erik Weinbach og Hogne Sataøen (Vestlandsforskning)**

**VESTLANDSFORSKING**



## Forord

Som ein del av utgreiinga av reiselivet i rapport 03/07 " Reiselivet i Sogn og Fjordane – oversyn, kommentarar og strategiske problemstillingar" ved Vestlandsforsking/Høgskulen i Sogn og Fjordane " er det gjort ein gjennomgang av SSB-basert statistikk, TØI sin *Gjesteundersøkelse i 2005 av utanlandske turistar til Norge*, og historisk statistikk innsamla av bearbeida av HSF v/førsteamanuensis Rolf Dahl. Statistikkgjennomgangen er presentert i dette notatet.

Sogndal 12. februar 2007

Ståle Brandshaug  
Høgskulen i Sogn og Fjordane  
prosjektleder

Carlo Aall  
Vestlandsforsking

Hogne Sataøen  
Vestlandsforsking

Jan Erik Weinbach  
Vestlandsforsking

## Samandrag

### Rombelegg:

- **Gjennomsnittleg rombelegg heile året ved hotella i fylket var på 46,7% i 2006 (januar – november)<sup>1</sup>**, 65,4 % sommaren 2006 (mai – september) og 31,4% vinteren 2006 (januar – april). Gjennomsnittleg rombelegg i 2005 var på 42,5%, mens Fjord Norge hadde 53,5% gjennomsnittleg belegg same året. Dette viser at det er rom for auke i reiselivsaktiviteten heile året.
- **I 2005 hadde Nordfjord (48,4%) og Sunnfjord (47,6%) høgst rombelegg** i fylket. Sogn hadde 40,7%, Vestkysten 34,1% og Jensbua 25,7% rombelegg ved hotella.
- **Sommaren 2006 hadde Nordfjord høgst rombelegg (70%), Sogn hadde 67,4%, Sunnfjord 67,1%**, Vestkysten 48,7% og Jensbua 40,8%. For sommaren 2002 – 2006 var det berre Nordfjord (+7,9%) og Sogn (+2,2) som hadde vekst i hotellbelegget.

### Marknadene:

- **Italiendarar, amerikanarar og engelskmenn har høgst forbruk pr. dag** kombinert med opphald på 9, 11 og 8 dagar noko som gjer at dei har det høgst totalforbruket pr. Norgesbesøk. Svenskar, danskar og franskmenn legg igjen minst pengar. Tyskland og Nederland er dei 4. og 5. mest lønsame turistmarknadene.
- **Norge er den største marknaden for både hotell (41,7%) og hytte/camping (34,4%) i sommarsesongen**, medan Tyskland er nest største marknad på 11,3% for hotella og 25,6% for hytte og camping. Nederland er også ein stor marknad for både hytte/campinganlegga (17,6%) og hotella (4,8%), og er ein marknad i sterk vekst for både hytte/camping og hotella (+72% og 8.000 gj.døgn for hotella frå sommaren 2002 – 2006).
- **Tyskland, Storbritannia og USA har hatt størst tilbakegang** sidan 2002 (-15.626 overnattingar).
- **Hytte og campingmarknaden (452' gj.døgn) er større enn hotellmarknaden (390' gj.døgn)** om sommaren i Sogn og Fjordane.
- **95% av alle turistar som overnattar på kommersielle anlegg om sommaren er på rundreise** med gjennomsnittleg 1,5 overnattingar pr. stad.
- **88% av alle overnattingar i fylket på sommaren er frå ferie/fritidsmarknaden, medan tala for Fjord Norge er 67%**. Dette syner at Sogn og Fjordane relativt sette er meir avhengig av ferie/fritidstrafikken enn dei andre fylke i Fjord Norge. Sogn (83%) og Nordfjord (81%) har relativt sett størst andel ferie/fritidsovernattingar på hotella, medan Jensbua (55%) og vestkysten (57%) har høgst andel yrkestrafikk.

### Marknadsutvikling:

- **Til trass for ein auke på 30.000 gjestedøgn (+8%) for hotellmarknaden frå 2002 – 2006, og ein auke på 5% for hytte- og campinganlegga, så taper Sogn og Fjordane marknadsandeler** samanlikna med gjennomsnittet for Fjord Norge som hadde ein vekst på 13% for hotella og 12% for hytte/camping. Sogn og Fjordane har derimot hatt ein større vekst av utlendingar til hytte/campinganlegga (+8%) enn Fjord Norge (+5%).
- **Sogn og Fjordane har hatt ein auke i ferie/fritidstrafikk ved hotella på heile 46% (14.471) gjestedøgn frå vinteren 2002 – 2006** (januar – april). Yrkestrafikken og kurs/konferansetraffikken har hatt ein svak auke på 5% og 2% i same periode. Hytte og campinganlegga har hatt ein nedgang på ca. 9.000 gjestedøgn (-21%) i perioden, der nordmenn står for ein nedgang på ca. 9.500 og utanlandsmarknaden på 350 fleire gjestedøgn (+5%).
- **Sogn har den største andelen av hotellovernattingane i fylket (41%)**, medan Nordfjord er nest størst med 32%, Sunnfjord 18%, Vestkysten 6% og Jensbua 3%. Også når det gjeld hytte og campingovernattingane er Sogn størst (49%), Nordfjord 32%, Sunnfjord 11%, og Vestkysten og Jensbua hadde samla 9% av hytte og campingovernattingane i fylket i 2005.

<sup>1</sup> Tala for 2006 er for januar – november. Desembertala vil redusere gjennomsnittsbelegget for 2006. I 2005 var gjennomsnittleg rombelegg 42,5 %.

- **Sogn (-61%), Sunnfjord (-22%) og Nordfjord (-5%) har hatt ein nedgong frå kurs/konferansemarknaden.** Jensbua har ein auke (+24%), medan Vestkysten har hatt ein stabil konferansetraffikk i perioden 2001 – 2005.
- **Hytte og campingovernatingane har auka med 11% i Sogn og med heile 42% i Jensbua og Vestkysten (samla) frå 2001 – 2005.** Sunnfjord har hatt 6% nedgong, og Nordfjord har 8% reduksjon i hytte og campingovernatingane i same periode.
- **Sogn (+12) og Nordfjord (+11) har størst vekst på ferie/fritidsmarknaden ved hotella frå sommaren 2002 – 2006.** Sunnfjord har hatt 6% auke og Vestkysten 5%, mens Jensbua har hatt 31% nedgong i ferie/fritidstrafikken ved hotella sidan sommaren 2002. Når det gjeld hytte og campingovernatingane er det berre Sogn (+15%) og Sunnfjord (9%) som har auka, mens Nordfjord har hatt ein nedgong på 10% og Jensbua/Vestkysten (samla) har 1% nedgong.

#### Attraksjonane:

- **Fjord og bre er i særstilling dei best besøkte attraksjonane i fylket** (Sognefjorden, Nærøyfjorden, Briksdalsbreen, Brevasshytta, Nigardbreen) i tillegg til Flåmsbana, mens Norsk Bremuseum, Borgund Stakyrkje, Jostedalsbreen nasjonalparksenter og Stryn sommarskisenter ligg blant dei 10 best besøkte attraksjonane. Turisttrafikken på Sognefjorden har hatt ein samla auke på 2,3% i perioden 2001 – 2005 (951' til 973' registrerte passasjerar), mens turisttrafikken på vegane om sommaren har auka med heile 37% frå 1992 – 2005 (231' til 316' registrerte turistkøyretøy ved grensene til fylket).

#### Inntekt per selte rom og samla reiselivsomsetning:

- **Nordfjord har i perioden 2001 – 2005 høgst gjennomsnittleg inntekt per selte hotellrom i fylket (kr. 843).** Vestkysten hadde i 2005 nest best inntekt per selte rom med kr. 732, mens Sogn hadde kr. 708, Sunnfjord kr. 700 og Jensbua kr. 666 per selte rom.
- **Nordfjord har for sommaren 2002 – 2006 høgst gjennomsnittleg inntekt per selte hotellrom i fylket (kr. 754).** Vestkysten hadde nest best inntekt per selte rom med kr. 714, mens Sogn hadde kr. 707, Sunnfjord kr. 688 og Jensbua kr. 658 per selte rom.
- **Gjennomsnittleg inntekt per selte rom i Sogn og Fjordane sommaren 2006 var kr. 716,** noko som er ein nedgong på 2,7% frå 2002 (frå kr. 736). Til samanlikning var gjennomsnittleg inntekt per selte rom i Fjord Norge kr. 737 i 2006, noko som er kr. 2 mindre enn i 2002.
- **Sogn og Fjordane hadde i 2004 ein samla registrert omsetnad frå overnattingsturismen på ca. 1.3 milliardar kr.<sup>2</sup>** Fordelt med 395 mill. kr. på overnatting, 320 mill. kr. på varekjøp, 264 mill. kr. på servering, 194 mill. kr. på andre produkt/tenester og 155 mill. kr. på transport.
- **Til samanlikning hadde Møre og Romsdal om lag 1,6 milliardar kr. i omsetnad, Rogaland 2,2 milliardar kr., Hordaland 3,5 milliardar kr. Oslo hadde med 4,5 milliardar kr. størst omsetnad i Norge.** Sogn og Fjordane var på 12. plass over fylkesvis reiselivsomsetning i 2004. Fylka Troms, Vest Agder, Vestfold, Østfold, Aust Agder, Nord Trøndelag og Finnmark hadde lågare omsetnad enn Sogn og Fjordane.
- **Når ein ser på indikatorar på overnattingsturismen sin betydning for fylka i 2004 kjem Sogn og Fjordane på 3. plass i Norge** basert på losji inntekt per innbyggjar (kr. 2.557 per innbyggjar), berre slått av Oslo (kr. 2.718) og Oppland (kr. 3.266).

<sup>2</sup> Korrigerert med ein multiplikator på 1,4 for indirekte og ikkje registrert omsetnad vert samla reiselivsomsetning i Sogn og Fjordane i 2004 på ca. 1,9 milliarder kr.

## Utfordringar for reiselivsnæringa og kommentarar knytt til reiselivsstatistikken:

- **Lågt gjennomsnittleg belegg både haug- og lågsesong krev auka marknads- og salsinnsats for auke i trafikken heile året**, sjølv om utfordringane kanskje er størst knytt til utviding til skuldresesongane (april og oktober) og vinteren (november – mars). Utfordringane knytt til trafikkauke og auka marknadsinnsats er særleg store for Vestkysten og Jensbua.
- **Reiselivsnæringa kan med fordel samle marknads- og salsarbeidet om færre marknader enn å spreie knappe ressursar til fleire marknader.** Dette gjeld både bedriftene og reisemålselskapa. Ut frå gjennomsnittleg opphaldstid og pengeforbruk er eksisterande marknadssegment frå Italia, USA og Storbritannia saman med tyskarar og nederlendarar dei mest lønsame marknadssegmenta. Samtidig er det viktig å nemne at marknadssegment innafor alle geografiske marknader kan vera lønsame, men det krev målretta produktutvikling og marknadsføring for å nå desse segmenta. Vidare kan det vera viktig å vera tidleg ute med satsing på nye geografiske marknader som aust og sør-Europa, Russland og Asia, men også dette krev at ein har ein målretta, langsiktig plan for arbeidet og at innsatsen vert målt mot tilsvarande innsatsauke mot andre meir etablerte marknader. I tillegg kan det synast riktig for både reisemålselskapa og bedriftene å satse tyngre og meir målretta mot den norske marknaden som er den største einskildmarknaden heile året for både hotella og hytte/campinganlegga.
- **Den relativt store tilbakegangen frå marknadene Tyskland, Storbritannia og USA bør analyserast og forklarast**, saman med den relativt store auken frå til dømes Nederland og Spania. Dette for eventuelt å kunne tilpasse og optimalisere produkta og marknadsføringa, gitt at endringane ikkje i hovudsak skyldast eksterne faktorar.
- **Det bør analyserast og forklarast kvifor Sogn og Fjordana ikkje tek like stor andel av veksten i Fjord Norge som dei andre fylka** slik at ein kan setje inn tiltak for å auke marknadsandelen. Dette kan skyldast fleire høve; for dårleg/avgrensa marknadsføring gjennom Fjord Norge og Innovasjon Norge, for dårlege transportløyisingar inn til og i fylket, dårleg marknadstilpassing av reiselivsprodukta våre, avgrensa reiselivsstruktur mm.
- **Den registrete auken frå ferie/fritidsmarknaden ti hotella om vinteren bør analyserast og forklarast.** Er dette ein reell auke i ferie/fritidstrafikken, eller skyldast det delvis endringar i statistikkføring ? Viss det er ein reell auke, kvifor kjem denne auken? Er det resultat av målretta marknadsføring? Etc.
- **Den store delen av rundreisande turistar i Norge og Sogn og Fjordane gir utfordringar både i forhold til: a) behovet for profilering, tilrettelegging og samarbeid knytt til rundreisepunkt innafor og utefor eige fylke, b) tilpassing av reiselivsprodukta og næringa til rundreiser både i produktutvikling og marknadsføring.** Dette tyder mellom anna at ein bør synleggjere og marknadsføre konkrete reiseruter og stopp-punkt innafor ei reiserute (opplevingar, overnatting, servering etc.) og arbeide aktivt med å utvikle og informere om gode opplevingar som gjer at rundreiseturistane oppheld seg lengre i kvar einskild region og i fylket vårt (ved til dømes felles billetter med rabatt ved attraksjonar, slik som Borgund og Villakssenteret i Lærdal prøver ut, temabasert produktutvikling i samarbeid mellom fleire regionar og aktørar, synleggjering av reiseruter, opplevingar og "kjede"-fordeler knytt til rundreise i- og mellom regionane).

- **Det at hytte og campingmarknaden er større enn hotellmarknaden i talet på gjestedøgn om sommaren bør mellom anna bety at hytte- og campingnæringa bør få auka sin rolle som premissleverandør til reiselivssatsinga.** Hotella har i kraft av større einingar tradisjonelt sette hatt ein meir framtrødande plass og status i reiselivsbiletet enn hytte og campinganlegga. I tillegg til den registrerte hytte og campingtrafikken er det ein høg andel uregistrert trafikk frå mindre hytte- og overnattingseiningar som gjer denne delen av reiselivsnæringa enno større og viktigare i fylket vårt.
- **Det kan vera verdt å merka seg at omsetninga frå overnattingsturismen på varekjøp (320 mill. kr.)** er nesten like stor som overnattingsomsetninga (395 mill kr.) og vesentleg større enn omsetnaden på servering, opplevingar og transport. Dette stadfester at varehandelen er ein sentral del av reiselivsproduktet i fylket<sup>3</sup>, og at dei i større grad bør involverast praktisk og økonomisk i den overordna reiselivssatsinga.

---

<sup>3</sup> Omsetningsdelen på varehandel er stor også i andre fylke, og i andre land. Varehandelen sin omsetnad knytt til turistar har vore påvist og debattert i mange samanhenger, og det er liten tvil om at varehandelen bør inngå som ein sentral aktør i reiselivsutviklinga på lik linje med t.d. overnattings-, serverings og opplevingsbedriftene.

## Forord

## Samandrag

## Innhald

<b>1. Nøkkeltal for reiselivet i Norge i 2005.....</b>	<b>1</b>
1.1 Nasjonale tal .....	1
1.2 Turistkonsum frå utanlandske turistar. ....	1
<b>2. HOVUDMARKNADER FOR SOGN OG FJORDANE OM SOMMAREN.....</b>	<b>2</b>
2.1 Hotell og hytte/campinganlegg sommaren 2006 .....	2
2.2 Turisttrafikk på Sognefjorden sommaren 2001 – 2005.....	2
2.3 Turisttrafikk på vegane i Sogn og Fjordane sommaren 1992 – 2005. ....	3
2.4 Attraksjonsbesøk i Sogn og Fjordane sommaren 2000 – 2005.....	3
2.5. Hotellmarknaden sommaren 2002 - 2006 .....	4
2.6 Hytte og campingmarknaden sommaren 2002 - 2006.....	5
2.7 Dei 10 største marknadene (i volum) sommaren 2006 er rangert frå størst til minst målt i antall overnattingar .....	7
<b>3. SAMLA MARKNAD FOR SOGN OG FJORDANE, FJORD NORGE OG     NORGE 2001 - 2005 .....</b>	<b>8</b>
<b>4. SOMMAREN 2002 – 2006 FOR SOGN OG FJORDANE OG FJORD NORGE .</b>	<b>9</b>
<b>5. VINTEREN 2002 – 2006 FOR SOGN OG FJORDANE OG FJORD NORGE ..</b>	<b>11</b>
<b>6. SAMLA MARKNAD 2001 – 2005 FOR REGIONANE I SOGN OG     FJORDANE.....</b>	<b>12</b>
6.1 Overnattingsandel fordelt på regionane i Sogn og Fjordane .....	12
6.2 Sogn 2001 - 2005.....	12
6.3 Sunnfjord 2001 - 2005.....	13
6.4 Nordfjord 2001 – 2005.....	14
6.5 Jensbua 2001 - 2005.....	16
6.6 Vestkysten 2001 – 2005.....	17
<b>7. SOMMAREN 2006 FOR REGIONANE I SOGN OG FJORDANE .....</b>	<b>18</b>
7.1 Sogn sommaren 2002 – 2006 .....	18
7.2 Sunnfjord sommaren 2002 – 2006 .....	20
7.3 Nordfjord sommaren 2002 – 2006.....	22
7.4 Jensbua sommaren 2002 – 2006.....	25
7.5 Vestkysten sommaren 2002 – 2006 .....	26
<b>8. SOMMAREN 2002 – 2006 FOR REGIONANE .....</b>	<b>28</b>
<b>9. VINTEREN 2002 – 2006 FOR REGIONANE .....</b>	<b>28</b>
<b>10. KAPASITETSUTNYTTING I REGIONANE, FYLKET OG FJORD NORGE ....</b>	<b>30</b>
<b>11. ØKONOMISK BETYDNING AV REISELIVET I SOGN OG FJORDANE.....</b>	<b>32</b>

## Tabellar

Tabell 1: Turistkonsum for utvalgte utanlandske feriemarknader rangert etter forbruk pr. døgn og besøk (Kilde: TØI, Gjesteundersøkelsen 2005: TØI rapport 813/2005).....	1
Tabell 2: Utviklinga i turisttrafikken på Sognefjorden sommaren 2001 – 2005.....	3
Tabell 3: Utviklinga i turisttrafikken på vegane i Sogn og Fjordane sommaren 1992 – 2005...3	
Tabell 4: Besøktal ved dei 20 mest besøkte attraksjonane i Sogn og Fjordane sommaren 2000 og 2005. ....	4
Tabell 5: Marknadsstorleik ved hotella i Sogn etter formål 2001 – 2005.....	12
Tabell 6: Marknadsstorleik ved hotella i Sogn fordelt på Norge og utanlandsmarknader 2001 – 2005. ....	12
Tabell 7: Marknadsstorleik ved hytte/camping i Sogn fordelt på Norge og utanlandsmarknadene 2001 – 2005. ....	13
Tabell 8: Marknadsstorleik ved hotella i Sunnfjord etter formål 2001 – 2005.....	13
Tabell 9: Marknadsstorleik ved hotella i Sunnfjord fordelt på Norge og utanlandsmarknader 2001 – 2005. ....	13
Tabell 10: Marknadsstorleik ved hytte/camping i Sunnfjord fordelt på Norge og utanlandsmarknadene 2001 – 2005. ....	14
Tabell 11: Marknadsstorleik ved hotella i Nordfjord etter formål 2001 – 2005. ....	14
Tabell 12: Marknadsstorleik ved hotella i Nordfjord fordelt på Norge og utanlandsmarknader 2001 – 2005. ....	15
Tabell 13: Marknadsstorleik ved hytte/camping i Nordfjord fordelt på Norge og utanlandsmarknadene 2001 – 2005.....	15
Tabell 14: Marknadsstorleik ved hotella i Jensbua etter formål 2001 – 2005. ....	16
Tabell 15: Marknadsstorleik ved hotella i Jensbua fordelt på Norge og utanlandsmarknader 2001 – 2005.....	16
Tabell 16: Marknadsstorleik ved hytte/camping i Jensbua og Vestkysten fordelt på Norge og utanlandsmarknadene 2001 – 2005.....	17
Tabell 17: Marknadsstorleik ved hotella i Vestkysten etter formål 2001 – 2005. ....	17
Tabell 18: Marknadsstorleik ved hotella i Vestkysten fordelt på Norge og utanlandsmarknader 2001 – 2005.....	18
Tabell 19: Marknadsstorleik ved hotella i Sogn etter formål sommaren 2002 – 2006.....	18
Tabell 20: Marknadsstorleik ved hotella i Sogn fordelt på Norge og utanlandsmarknader sommaren 2002 – 2006. ....	18
Tabell 21: Marknadsstorleik ved hytte/camping i Sogn fordelt på Norge og utanlandsmarknadene sommaren 2002 – 2006.....	19
Tabell 22: Marknadsstorleik ved hotella i Sunnfjord etter formål sommaren 2002 – 2006.....	20
Tabell 23: Marknadsstorleik ved hotella i Sunnfjord fordelt på Norge og utanlandsmarknader sommaren 2002 – 2006. ....	21
Tabell 24: Marknadsstorleik ved hytte/camping i Sunnfjord fordelt på Norge og utanlandsmarknadene sommaren 2002 – 2006. ....	21
Tabell 24: Marknadsstorleik ved hotella i Nordfjord etter formål sommaren 2002 – 2006. ....	22
Tabell 25: Marknadsstorleik ved hotella i Nordfjord fordelt på Norge og utanlandsmarknader sommaren 2002 – 2006. ....	23
Tabell 26: Marknadsstorleik ved hytte/camping i Nordfjord fordelt på Norge og utanlandsmarknadene sommaren 2002 – 2006. ....	23
Tabell 27: Marknadsstorleik ved hotella i Jensbua etter formål sommaren 2002 – 2006. ....	25
Tabell 28: Marknadsstorleik ved hotella i Jensbua fordelt på Norge og utanlandsmarknader sommaren 2002 – 2006. ....	25
Tabell 29: Marknadsstorleik ved hytte/camping i Jensbua/Vestkysten fordelt på Norge og utanlandsmarknadene sommaren 2002 – 2006.....	26
Tabell 30: Marknadsstorleik ved hotella i Vestkysten etter formål sommaren 2002 – 2006. .	26
Tabell 31: Marknadsstorleik ved hotella i Vestkysten fordelt på Norge og utanlandsmarknader sommaren 2002 – 2006. ....	26



## Figurar

Figur 1: Hotell og hytte/campingovernatting fordelt på marknad i Sogn og Fjordane sommaren 2006 .....	2
Figur 2: Utvikling på utanlandsmarknaden for hotella i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006 .....	4
Figur 3: Hotellovernattningar i Norge, Fjord Norge og Sogn og Fjordane sommaren 2002 – 2006. ....	5
Figur 4: Utvikling på utanlandsmarknaden for hytte og camping i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006 .....	5
Figur 5: Hytte og campingovernattningar i Norge, Fjord Norge og Sogn og Fjordane sommaren 2002 – 2006. ....	6
Figur 6: Hotellovernattningar samanlikna med hytte/camping i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006 .....	6
Figur 7: Hotellovernattningar samanlikna med hytte/camping i Fjord Norge sommaren 2002 - 2006 .....	7
Figur 8: Hotellovernattningar etter formål i Sogn og Fjordane 2001 – 2005. ....	8
Figur 9: Hotellovernattningar samanlikna med hytte/camping for Fjord Norge i 20001 - 2005 ..	9
Figur 10: Hotellovernattningar samanlikna med hytte/camping Sogn og Fjordane i 20001 - 2005 .....	9
Figur 11: Hotellovernattningar etter formål i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006 .....	10
Figur 12: Hytte- og campingovernattningar i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006 .....	10
Figur 13: Hotellmarknaden samanlikna med hytte og camping fordelt på Noreg og utlandet i Sogn og Fjordane sommaren 2006.....	10
Figur 14: Hotellovernattningar etter formål i Sogn og Fjordane vinteren 2002 – 2006.....	11
Figur 15: Hotellovernattningar samalikna med hytte og camping for Sogn og Fjordane vinteren 2002 – 2006 .....	11
Figur 16: Overnattingar etter kategori i Sogn sommaren 2002 – 2006. ....	19
Figur 17: Hotell og hytte/camping overnattingar fordelt etter marknad i Sogn sommaren 2006 .....	20
Figur 18: Overnattingar etter kategori i Sunnfjord sommaren 2002 – 2006. ....	21
Figur 19: Hotell og hytte/camping overnattingar fordelt etter marknad i Sunnfjord sommaren 2006 .....	22
Figur 20: Overnattingar etter kategori i Nordfjord sommaren 2002 – 2006.....	24
Figur 21: Hotell og hytte/camping overnattingar fordelt etter marknad i Nordfjord sommaren 2006 .....	24
Figur 22: Overnattingar etter kategori i Jensbua/Vestkysten sommaren 2002 – 2006. ....	27
Figur 23: Hotell og hytte/camping overnattingar fordelt etter marknad i Jensbua/Vestkysten sommaren 2006 .....	27
Figur 24: Endring i ferie/fritidsmarknaden (hotell) i regionane sommaren 2002 - 2006 .....	28
Figur 25: Hotellovernattningar etter formål i Sogn vinteren 2002 – 2006.....	28
Figur 26: Hotellovernattningar etter formål i Sunnfjord vinteren 2002 – 2006.....	29
Figur 27: Hotellovernattningar etter formål i Nordfjord vinteren 2002 – 2006 .....	29
Figur 28: Hotellovernattningar etter formål i Jensbua vinteren 2002 – 2006.....	30
Figur 29: Hotellovernattningar etter formål i Vestkysten vinteren 2002 – 2006.....	30
Figur 30: Kapasitetsutnytting (hotell) i regionane 2001 – 2005.....	31
Figur 31: Kapasitetsutnytting (hotell) i regionane sommaren 2002 – 2006.....	31
Figur 32: Kapasitetsutnytting (hotell) i Sogn og Fjordane og Fjord Norge sommaren 2002 – 2006. ....	32
Figur 33: Inntekt per solgte rom i regionane 2001 – 2005.....	32
Figur 34: Inntekt per solgte rom i regionane sommaren 2002 – 2006.....	33
Figur 35: Inntekter per solgte rom (%) i Sogn og Fjordane og Fjord Noreg sommaren 2002 – 2006. ....	33
Figur 36: Omsetning frå samla overnattingsturisme i Sogn og Fjordane i 2004. ....	34

## 1. Nøkkeltal for reiselivet i Norge i 2005.

### 1.1 Nasjonale tal

Reiselivsnæringa utgjer 150.000 arbeidstakarar (130.000 årsverk), og står for 4,3 % av BNP og 6,7% av sysselsettinga. Dette gjer at reiselivsnæringa betyr meir for verdiskaping og sysselsetting enn for primærnæringane jordbruk og fiske gjer til saman.

I løpet av 2005 kom det 2.946.000 ferie/fritidsankomster frå utlandet til Norge med ei gjennomsnittleg overnattingslengd på 7,5 netter (22 mill gjestedøgn). Dette var ein auke på 6% frå 2004. Sommaren 2005 kom det 1,9 mill. utanlandske overnattingsgjester på feriereise til Norge med ei gjennomsnittleg overnattingslengd på 8,3 netter, noko som gir nesten 16 mill. gjestedøgn. Tyskarane står for tre av ti utanlandske feriegjestedøgn, med Nederland, Sverige og Danmark som dei nest viktigaste marknadene. Vidare er Storbritannia, USA og Frankrike store marknader som kvar for seg står for mellom ein halv og ein million overnattingar i Norge om sommaren.

Bil og bussturistane står for 9,8 mill. gjestedøgn (62% av alle feriebaserte, utanlandske gjestedøgn). Flytrafikken for det utanlandske feriemarknaden er stigande, og sommaren 2005 kom om lag 570.000 utanlandske feriegjester til Norge (5,5 mill. gjestedøgn). Turbuss- trafikken er synkande, men auka noko i 2004 og 2005. 9.500 turbussar kom til Norge sommaren 2005 (1,6 mill gjestedøgn). Det kom 50.000 bubililar til Norge sommaren 2005 som står for 1,3 mill. gjestedøgn. 40% av bubilane var tyske. Overnattingsformene for utanlandske feriegjester var 28% hjå venner og kjente, 24% på hotell/pensjonat, 23% i hytter og 20% på camping (TØI, Gjesteundersøkelsen 2005: TØI rapport 813/2005). Fjord Norge stod for 29% av alle gjestedøgn i Norge i 2005 (2.147.000 gjestedøgn), medan Austlandet tek størstedelen av overnattingane (47% - 3.495.000 gjestedøgn). Nord-Norge har 11% av marknaden, Sørlandet 8% og Trøndelag 5% (SSB, overnattingsstatistikk 2005).

### 1.2 Turistkonsum frå utanlandske turistar.

Utanlandske turistar i Norge hadde i 2004 eit samla turistkonsum på ca. 24 milliardar kroner, med eit gjennomsnittleg forbruk på kr. 718 pr. døgn og 5.847 pr. besøk. Turistane bruker ein større del av feriebudsjettet til servering og opplevingar og mindre til transport. Omsetninga for kjøp av opplevingar og mat og drikke har auka med meir enn 1 milliard kroner frå 2000 til 2004. Samtidig har omsetninga på flytransport gått ned med meir enn 500 mill. kroner. Prisreduksjon på transporttenester er hovudårsaken bak deler av denne endringa. Norge omset for berre halvparten så mykje pr. ankomst som Sverige (SSB: Satelittregnskap for turisme 2004). Her har Norge ein klar utfordring i å legge til rette for produkt som aukar betalingsviljen og verdiskapinga i reiselivsnæringa. Gjennomsnittleg opphaldstid og turistforbruk varierer mellom marknadene og innan ulike segment i marknaden. Feriegjester frå Italia, USA og Storbritannia har høgst forbruk pr. døgn og gjennomsnittleg opphaldstid på 9, 11 og 8 dagar noko som gjer at dei også har størst totalforbruk pr. Norgesbesøk. Tyskland og Nederland er dei 4. og 5. mest betalingsdyktige marknadene, medan Sverige, Frankrike og Danmark legg igjen minst pengar på Norgesbesøket (TØI, Gjesteundersøkelsen 2005: TØI rapport 813/2005).

Marknad	Gjestedøgn	Gj. opphald	Kr. pr. døgn	Kr. pr. besøk	Totalforbruk
Italia	427.000	9,3	1.592	14.806	679.784.000
USA	1.217.000	11	1.136	12.496	1.382.512.000
Storbritannia	1.646.000	8	1.066	8.528	1.754.636.000
Tyskland	5.396.000	10,5	733	7.697	3.955.268.000
Nederland	1.383.000	10,2	636	6.487	879.588.000
Danmark	3.082.000	6,8	573	3.896	1.765.986.000
Frankrike	756.000	8,5	557	4.735	421.092.000
Sverige	2.955.000	4	386	1.544	1.140.630.000

Tabell 1: Turistkonsum for utvalte utanlandske feriemarknader rangert etter forbruk pr. døgn og besøk (Kilde: TØI, Gjesteundersøkelsen 2005: TØI rapport 813/2005).


## 2. HOVUDMARKNADER FOR SOGN OG FJORDANE OM SOMMAREN.

### 2.1 Hotell og hytte/campinganlegg sommaren 2006

Den norske marknaden er størst både for hotell (41,7%) og hytte/camping (34,4%) i sommarsesongen, med Tyskland som den nest største marknaden (11,3% og 25,6%).

For hotella er Spania den 3. største marknaden (7,2%), tett fulgt av Storbritannia (6,5%), USA (5,6%) og Nederland (4,8%). Frankrike og Japan står for ca. 3% av marknaden kvar. Nederland og Spania er dei marknadene med størst vekst frå 2002 – 2006 (72% og 29%), tilsvarende ein auke på 14.113 overnattingar, medan alle dei andre marknadene har hatt ein tilbakegang frå -5% til – 17% i same periode. Størst tilbakegang har Tyskland (-13%), Storbritannia (-17%) og USA (-15%), noko som tilsvarer 15.626 færre overnattingar sidan 2002.

For hytte/camping er Nederland den nest største marknaden (17,6%). Til saman utgjør den norske, tyske og nederlandske marknaden 78% av den totale hytte/campingmarknaden om sommaren. Storbritannia, Danmark og Sverige har kvar ca. 3% av marknaden, og Frankrike ca. 2%.



Figur 1: Hotell og hytte/campingovernatting fordelt på marknad i Sogn og Fjordane sommaren 2006

Når det gjeld reisemodus kan ein anslå at 95% av alle turistane som overnattar på kommersielle anlegg om sommaren (mai – september) er på rundreise (gjennomsnittleg 1,5 overnattingar), medan berre 5 % er på opphaldsferie (gjennomsnittleg 7 overnattingar). Opphaldsturistane bur hovudsakleg i hyttegrender (2%) og hytter gjennom hytteformidling (3%), medan rundreiseturistane overnattar på campinghytter (22%), hotell (42%) eller i telt/vogn/bubil (32%)<sup>4</sup>.

### 2.2 Turisttrafikk på Sognefjorden sommaren 2001 – 2005.

Tabellen nedanfor syner utviklinga i turisttrafikken på Sognefjorden sommaren 2001 – 2005. Samla sett har turisttrafikken på fjorden auka med 2,3 % i perioden (frå 951.500 til 973.000 registrerte passasjerar)<sup>5</sup>.

<sup>4</sup> Kilde: SSB og [www.statistikknett.com](http://www.statistikknett.com). Bearbeida ved Rolf Dahl, HSF.

<sup>5</sup> Kilde: ferjestatistikk, cruisesstatistikk og private aktørar. Bearbeida ved Rolf Dahl, HSF.

Strekning	2001	2002	2003	2004	2005	Endr. %
Bergen-Sogn	36000	38000	47000	49000	49000	36%
Bergen – Nordfjord	5000	4000	2000	2000	2000	- 60%
Gudv. – Kaup./Lærd.	113000	103000	93000	94000	89000	- 21%
Gudv. – Aurl./Flåm	100000	116000	105000	116000	118000	18%
Cruise-pax til Flåm	52000	59000	70000	78000	92000	77%
Manheller – Fodnes	233000	229000	220000	233000	238000	2%
Balestrand-sektoren	237000	216000	197000	186000	182000	-23%
Oppedal – Lavik	120000	120000	108000	95000	107000	-11%
Krakh. – Rysjed. - Rutle	10000	14000	12000	14000	14000	40%

Tabell 2: Utviklinga i turisttrafikken på Sognefjorden sommaren 2001 – 2005

### 2.3 Turisttrafikk på vegane i Sogn og Fjordane sommaren 1992 – 2005.

Tabellen nedanfor syner utviklinga i turisttrafikken på vegane i Sogn og Fjordane sommaren 1992 – 2005. Samla sett har turisttrafikken på vegane auka med 37 % i perioden (frå 231.000 til 316.000 registrerte turistkøyretøy ved grensene til fylket)<sup>6</sup>.

Strekning	1992	1995	2000	2001	2005	Endr. %
1/3 av Dragsviktraf. + E39 Åbergsdalen+Lavik-Oppedal	45000	49000	43000	46000	44000	- 2%
Vangsens ferjekai	71000	71000	54000	49000	45000	-37%
Dragsvik ferjekai	70000	55000	40000	43000	41000	-41%
Hermansverk-Fjærland-Luster-Kaupanger	128000	153000	123000	129000	125000	- 2%
Gudvangentun.+ Gudv. F.kai + Geiteryggtun.+ Lærdalstun.+ Aurl.-Lærd.	134000	127000	110000	153000	164000	22%
Ljøsne+Lærdal- Aurland+Revsnes/Fodnestun.+Lærdalstun.	111000	118000	98000	163000	176000	59%
Fjellvegen+rv53 Nadvik justert mot Fodnes	15000	15000	44000	47000	44000	193%
Turtagrø+Fjellvegen+Luster	93000	87000	82000	83000	87000	- 7 %
2/3 av Dragsvik + Åbergsdalen + Vassend.	78000	71000	58000	62000	61000	- 22%
E39 Vassenden + E39 Våtedalen + Fjærland	90000	121000	96000	104000	105000	17%
Gaular + Sverthumletunnelen	85500	80000	65500	69000	68500	- 20%
Koparnes+Totland+rv15 Stårheim	28000	36000	23000	28000	18000	- 36%
Skrede+Lote+Storehaug+Totalnd+Koparnes	43000	50000	46000	52000	65000	51%
Anda+rv60 Utviksfjellet+Våtedalen+Hyen	91000	113000	91000	98000	98000	8%
Utviksfjellet+Ospelitun.+Markane	118000	124000	114000	111000	123000	4%
Hemsedalsvegen			141000		187000	33%
Filefjellvegen			107000		164000	53%
Sognefjellsvegen			227000		246000	8%
Strynefjellsvegen			262000		267000	2%
Aurland - Lærdal			150000		100000	-33%
Vikafjellet			200000		178000	-11%
Årdal - Turtagrø			54000		78000	44%

Tabell 3: Utviklinga i turisttrafikken på vegane i Sogn og Fjordane sommaren 1992 – 2005

### 2.4 Attraksjonsbesøk i Sogn og Fjordane sommaren 2000 – 2005.

Tabellen syner besøkstala ved dei 20 mest besøkte attraksjonane i Sog og Fjordane sommaren 2000 og 2005. Sognefjorden, Flåmsbana, Nærøyfjorden, Briksdalsbreen og Brevasshytta er i særstilling mest besøkt, medan Norsk Bremuseum i Fjærland, Nigardsbreen, Borgund stavkyrkje, Jostedalsbreen Nasjonalparksenter i Stryn og Stryn

<sup>6</sup> Kilde: Trafikkteljingar for S & Fj. (Statens Vegvesen), Fjord 1. Bearbeida ved Rolf Dahl, HSF.


sommarskiser ligg blant dei 10 best besøkte attraksjonane på lista <sup>7</sup>. Flåmsbana, Jostedalen Nasjonalparksenter og stavkyrkjene har hatt størst relativ besøksvekst, medan Norsk Bremuseum, Stryn sommarskiser og Norsk Villaskssenter har gått mest %-vis tilbake i frå 2000 til 2005.

Attraksjonar	2000	2005	Endring i %
1. Sognefjorden	923000	973000	5%
2. Flåmsbana	351000	447000	27%
3. Nærøyfjorden	317000	349000	10%
4. Briksdalsbreen	235000	260000	11%
5. Brevasshytta	100000	100000	0%
6. Norsk Bremuseum	53000	48000	- 9%
7. Nigardsbreen	43000	43000	0%
8. Borgund stavkyrkje	32000	37000	16%
9. Jostedalsbreen Nasjonalparksenter	17500	33000	89%
10. Stryn sommarskiser	33000	30000	- 9%
11. Hopperstad stavkyrkje	23000	23000	0%
12. Vestkapp	20000	22000	10%
13. Norsk Villaskssenter	22000	20000	-10%
14. Breheimsenteret i Jostedalen	16000	16000	0%
15. Sogn Folkemuseum	14000	15000	7%
16. Urnes stavkyrkje	12000	14000	17%
17. Astruptunet	8000	8000	0%
18. Kaupanger stavkyrkje	6000	7000	17%
19. Selje Kloster	6000	6000	0%
20. Nordfjord folkemuseum	4000	4000	0%

Tabell 4: Besøktal ved dei 20 mest besøkte attraksjonane i Sogn og Fjordane sommaren 2000 og 2005.

## 2.5. Hotellmarknaden sommaren 2002 - 2006


Hotellmarknaden i Sogn og Fjordane har hatt ein nedgong på frå den tyske marknaden på nesten 7.000 gjestedøgn (-13 %), frå Storbritannia på 5.000 gjestedøgn (-17%) og frå USA på 3.700 gjestedøgn (-15%) sommaren 2002 – 2006. Samtidig har hotella hatt ein auke på nesten 8.000 gjestedøgn (+72%) frå Nederland, over 6.000 fleire gjestedøgn frå Spania (+29%) og meir enn 1.500 fleire gjestedøgn frå Italia (+19%) og Danmark (+15%).



Figur 2: Utvikling på utanlandsmarknadene for hotella i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006

<sup>7</sup> Kilde: Diverse statistikk, Rolf Dahl, HSF.


Den norske ferie/ fritidsmarknaden auka med nesten 19.000 gjestedøgn (+13%) i same periode, og utanlandstrafikken auka med ca. 10.000 gjestedøgn (+5%). Samla netto vekst frå alle marknadene er på ca. 30.000 gjestedøgn (+8%) sommaren 2002 – 2006. Til samanlikning auka andelen nordmenn i Fjord Norge med 21% i same periode, og utanlandstrafikken auka med 5%. Samla netto vekst frå alle marknader er på 13%. Sogn og Fjordane har såleis tapt marknadsandeler i Fjord Norge frå den norske marknaden sommaren 2002 – 2006, men har hatt ein tilsvarande gjennomsnittleg utvikling frå utanlandsmarknadene. Sogn og Fjordane har likevel ei betre utvikling enn gjennomsnittet i Norge, som ligg på 11% auke i talet på nordmenn, 1% i for utanlandske turistar og 7% samla netto vekst frå alle marknader.



Figur 3: Hotellovernattingar i Norge, Fjord Norge og Sogn og Fjordane sommaren 2002 – 2006.

## 2.6 Hytte og campingmarknaden sommaren 2002 - 2006

Hytte og campingmarknaden i Sogn og Fjordane har hatt ein auke på nesten 16.000 gjestedøgn (+25%) frå Nederland sommaren 2002 – 2006. I tillegg har Italia (+12,5% - 521 gjestedøgn) Spania (+51% - 1776 gjestedøgn), Sveits (+56% - 1401 gjestedøgn) og USA (+92% - 897 gjestedøgn) stått for ein auke på til saman 4.500 gjestedøgn frå sommaren 2005 – 2006<sup>8</sup>. Marknadene Tyskland, Danmark, Sverige og Frankrike er stabile men har ein liten nedgang i perioden<sup>9</sup>.




Figur 4: Utvikling på utanlandsmarknaden for hytte og camping i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006

<sup>8</sup> Merk: SSB har ikkje registrert tal for 2004 og tidlegare år.


<sup>9</sup> Tyskland har ein nedgang på nesten 5.000 gjestedøgn frå sommaren 2005 til 2006.

Den norske marknaden gjekk ned med 2.000 gjestedøgn (-1%) samanlikna med sommaren 2002, men har vokse med meir enn 6.000 gjestedøgn (+4%) frå sommaren 2005. Utanlandstrafikken auka samla med meir enn 22.000 gjestedøgn (+8%) frå sommaren 2002 – 2006, og samla netto vekst frå alle marknader var på 5% (20.000 gjestedøgn). Til samanlikning auka andelen nordmenn i Fjord Norge med 17% og utanlandstrafikken med 8%. Samla netto vekst frå alle marknader var på 12%.


Sogn og Fjordane har såleis tapt marknadsandeler i Fjord Norge frå den norske hytte og campingmarknaden sommaren 2002 – 2006. I forhold til gjennomsnittleg utvikling i Norge har Sogn og Fjordane også her tapt marknadsandeler frå den norske marknaden (-1% mot +14%), men fylket har hatt ein betre utvikling frå utanlandsmarknaden enn resten av Norge (+8% mot +5%). Samla netto vekst frå alle marknader i Norge er på +11% i perioden, mot +5% for Sogn og Fjordane.



Figur 5: Hytte og campingovernattingar i Norge, Fjord Norge og Sogn og Fjordane sommaren 2002 – 2006.



Figur 6: Hotellovernattingar samanlikna med hytte/camping i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006



Figur 7: Hotellovernattingar samanlikna med hytte/camping i Fjord Norge sommaren 2002 - 2006

## 2.7 Dei 10 største marknadene (i volum) sommaren 2006 er rangert frå størst til minst målt i antal overnattingar

### Norge

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	41,7%	162 901	13%
Hytte/camping	34,4%	155 793	-1%

### Tyskland

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	11,3%	44 051	-13%
Hytte/camping	25,6%	115 787	-2%

### Nederland

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	4,8%	18 695	72%
Hytte/camping	17,6%	79 577	25%

### Storbritannia

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	6,5%	25 298	-17%
Hytte/camping	2,75%	12 451	-3%

### Spania

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	7,2%	28 037	29%
Hytte/camping	1,2%	5 254	51% (frå 2005 – 2006)

### USA

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	5,6%	21 764	-15%
Hytte/camping	0,4%	1 870	92% (frå 2005 – 2006)



## Frankrike

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	3,1%	12 016	-5%
Hytte/camping	1,9%	8 704	-3%

## Danmark

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	1,1%	4 210	+15%
Hytte/camping	3%	13 650	7%

## Sverige

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	1,1%	4 463	-10%
Hytte/camping	2,8%	12 549	-8%


## Japan

	Andel	Tal	Endring 2002 - 2006
Hotell	2,9%	11 299	-10%
Hytte/camping	0,05%	234	54% (frå 2005 - 2006)

### 3. SAMLA MARKNAD FOR SOGN OG FJORDANE, FJORD NORGE OG NORGE 2001 - 2005


På årsbasis utgjør ferie/fritidsmarknaden ca. 70 % av samla hotellovernattingar på i Sogn og Fjordane, yrkesreisande står for ca. 20% og kurs/konferansar for ca. 10%. Ferie/fritids- trafikken har hatt ein nedgang på 3% frå 2001 – 2005, yrkestrafikken har auka med 8% og kurs/konferansetrafikken er heile 21% lågare i 2005 enn i 2001.

Til samanlikning utgjør ferie/fritidsmarknaden ca. 47% av samla hotellovernattingar i Fjord Norge, yrkesreisande står for 41% og kurs/konferansar for ca. 12%. Dette tyder at Sogn og Fjordane relativt sett er svært avhengig av ferie/fritidstrafikken samanlikna med dei andre fylka i Fjord Norge, og at det er store utfordringar knytt til trafikkauke frå både ferie/fritids- og kurs/konferansemarknaden haust, vår og vinter for å auke verdiskapinga i reiselivet.




Figur 8: Hotellovernattingar etter formål i Sogn og Fjordane 2001 – 2005.

I fjord Norge auka talet på hotellgjestedøgn med 8% frå 2001 til 2005, og med 12% for Hytte og campingovernattingar. Til samanlikning gjekk talet på hotellgjestedøgn ned med 3% i Sogn og Fjordane i same periode, og med -1% for hytte og campingovernattingar. Dette tyder at Sogn og Fjordane taper marknadsandeler heile året i forhold til den gjennomsnittlege veksten i Fjord Norge.



Figur 9: Hotellovernattingar samanlikna med hytte/camping for Fjord Norge i 20001 - 2005




Figur 10: Hotellovernattingar samanlikna med hytte/camping Sogn og Fjordane i 20001 - 2005

#### 4. SOMMAREN 2002 – 2006 FOR SOGN OG FJORDANE OG FJORD NORGE


På sommaren utgjer ferie/fritidsmarknaden ca. 88 % av hotellovernattingane på i Sogn og Fjordane, yrkesreisande står for ca. 9% og kurs/konferansar for ca. 3%. Ferie/fritids-trafikken har hatt ein auke på 10% (30.000 gjestedøgn) frå 2002 – 2006, yrkestrafikken er redusert med 4% og kurs/konferansetrafikken har hatt ein svak auke på 4% sidan 2002.

Til samanlikning utgjer ferie/fritidsmarknaden ca. 67% av samla hotellovernattingar i Fjord Norge, yrkesreisande står for 28% og kurs/konferansar for ca. 5%. Dette tyder at Sogn og Fjordane relativt sett er meir avhengig av ferie/fritidstrafikken samanlikna med dei andre fylka i Fjord Norge (20% over gjennomsnittleg formålsfordeling i Fjord Norge).


Andelen utlendingar på hotella i Sogn og Fjordane om sommaren er 58% mot 48% i Fjord Norge. På hytte/campinganlegg er andelen utlendingar 66% mot 51% i Fjord Norge. Sogn og Fjordane har såleis ein relativt større andel utlendingar om sommaren enn gjennomsnittet for Fjord Norge.



Figur 11: Hotellovernattingar etter formål i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006



Figur 12: Hytte- og campingovernattingar i Sogn og Fjordane sommaren 2002 - 2006




Figur 13: Hotellmarknaden samanlikna med hytte og camping fordelt på Noreg og utlandet i Sogn og Fjordane sommaren 2006.

Hytte og campingmarknaden (452.000 gjestedøgn) er større enn hotellmarknaden (390.000 gjestedøgn) på sommaren i Sogn og Fjordane. Vidare er utanlandsmarknaden større enn den norske marknaden både for hotella og hytte/camping, men hotella har ein større relativ andel nordmenn (163.000, 42%, norske gjestedøgn og 227.000, 58%, utanlandske gjestedøgn) enn hytte/campinganlegga (155.000, 34%, norske gjestedøgn og 297.000, 66%, utanlandske gjestedøgn).


## 5. VINTEREN 2002 – 2006 FOR SOGN OG FJORDANE OG FJORD NORGE

Sogn og Fjordane har hatt ein auke i ferie/fritidsovernattingar ved hotella på heile 46% (14.471 gjestedøgn) frå vinteren 2002 – 2006. Yrkestrafikken og kurs/konferansetraffikken har hatt ein svak auke på 5% og 2% i same periode. Samla auke har vore på 14.000 gjestedøgn (+16%) vinteren 2002 – 2006. Utanlandsmarknader som Italia, Spania, Tyskland og Storbritannia har hatt stor auke, men nordmenn står for nesten heile auken på grunn av nedgang på enkelte utanlandsmarknader.



Figur 14: Hotellovernattingar etter formål i Sogn og Fjordane vinteren 2002 – 2006.

Hytte og campinganlegga har hatt ein nedgang på ca. 9.000 gjestedøgn (-21%) frå vinteren 2002 – 2006. Nordmenn står for ca. 9.500 tapte gjestedøgn (-25%), men utanlandsmarknaden har hatt ein svak vekst på 5% (350 gjestedøgn).



Figur 15: Hotellovernattingar samanlikna med hytte og camping for Sogn og Fjordane vinteren 2002 – 2006

## 6. SAMLA MARKNAD 2001 – 2005 FOR REGIONANE I SOGN OG FJORDANE

### 6.1 Overnattingsandel fordelt på regionane i Sogn og Fjordane

